

STATENS VEGVESEN
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Dato: 25.10.2017
Vår ref.: 2017/15616-8
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Fråsegn - Varsel om oppstart av detaljregulering av Frekhaugkrysset og utbetring av Fv 244 - Meland kommune

Vi viser til brev datert 21.9.2017 om oppstart av arbeid med detaljregulering for fv 564 Frekhaugkrysset og fv 244. Hovudføremålet med reguleringa er oppgradering av fv. 564 Frekhaugkrysset til rundkøyring ved Rosselandsvegen med tilgrensande areal, samt etablering av gang- og sykkeltilbod og utviding av vegen langs fv. 244 Sagstadvegen på strekninga frå Frekhaug sentrum til og med kryss mot Sagstad skule. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern. Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteressar vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Automatisk freda kulturminne

Den 9.10. 2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i planområdet. Då store delar av det aktuelle arealet har potensial for nye funn, finn vi det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Vi viser til vårt brev dagsett 11.10.2017 med krav om arkeologisk registrering og oversending av kostnadsoverslag for arbeidet. Vi ber om skriftleg godkjenning av kostnadsoverslag slik at feltarbeidet kan gjennomførast.

Nyare tids kulturminne

Det er kjend fleire SEFRAK-registrerte bygg i planområdet, dvs. at dei er bygd før 1900. Nokre av dei, er enda eldre. Dei første skriftleg kjelder viser at området var del av jordegodset til Munkeliv kloster i 1400-talet. Området ved Langeland er eit intakt kulturlandskap med åker, eldre bygningar, steingardar og vegen. Det må vurderast om nokre av kulturminne bør få ei omsynssone H570, der ein sikrar kulturmiljø og einskilde kulturminne knytt opp mot landskap. Hordaland fylkeskommune ber om at kulturminne innafør planområdet vert omtalte, verneverdiane vurderte og dei vart teke omsyn til i planen.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune stiller seg positiv til vegutbedring av Fv 244, mellom anna for å sikre tilhøva mjuke trafikantar. Langs strekinga som skal utbetras er det i dag kollektivtrafikk som mellom anna dekker Sagstad skole. Vegen er smal og bør regulerast slik at to busser kan møtast.

Krysset mellom FV 244 og FV 564 vert og omtala i Sentrumsplanen for Frekhaug, og her har nytt kollektivknutepunkt vore ein del av diskusjonen. Det er behov for å sjå desse planane i samanheng. Dersom reguleringsplan for Fv 564 Frekhaugkrysset får innverknad på kollektivknutepunktet på Frekhaug ønsker Skyss å delta i planprosessen.

Senter- og tettstadsutvikling

Planområdet omfattar deler av arealet som inngår som ein del av områdeplan for Frekhaug senter. Denne planen vart til gjennom omfattande drøfting og dialog mellom kommunen, Statens Vegvesen, Fylkesmannen og Hordaland fylkeskommune. Viktige drøftingspunkt var lokalisering og utforming av kollektivterminal, kvartalsstruktur og møteplassar.

Hordaland fylkeskommune støttar utgangspunktet om å sjå reguleringsplan for kryss og veg i samband med områdeplanen, for å sikre gode løysingar for gåande og syklande, i tillegg til kollektivtrafikken. Dette betyr at det kan vere hensiktsmessig med ei viss overlapping av planområda. Vi vil likevel understreke at strukturane og premissa som er gitt i områdeplan når det gjeld kvartalstruktur og lokalisering av kollektivterminal, må ligge fast. Dersom det kjem forslag om endringar av dette, ber vi om at det vert invitert til drøftingsmøter undervegs i prosessen.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på kulturminne og kulturmiljø, senter- og tettstadsutvikling og samferdsel.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Elizabeth Warren, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA